

STRATEGI-/VERKSEMDS-PLAN 2020-2023



**Visjon for
Volda og Ørsta
Reinholdsværk IKS.**

*Eit ressurscenter for avfall, med kunnskap og tenester
for privat abonnentar og næringsliv.*

**Slagord:
Sortert avfall gir verdi !**



Innholdsoversikt:

	Side
Strategi-/verksemds-plan fram mot år 2023	5
Oppbygging av planen	5 - 6
Handlingsplan - Miljømål	7
Handlingsplan – nye investerings tiltak	8

1.0. Nasjonale føringer - VØR sitt resultat

a. Avfallshierarkiet	9
b. Klima	10
c. Ombruk	10
d. Vegval	10

1.1. Restavfall

Mål og handlingsplan	11
a. Utvikling siste åra	11
b. Heimekompostering	11
c. Sal av restavfallet	11

1.1.1. Fritidshusrenovasjon

Mål og handlingsplan	11
----------------------	----

1.2. Papp og papir

Mål og handlingsplan	12
a. Bakgrunnsinformasjon	12
b. Storleik på behaldar	12
c. Balling av papp og papir	13
d. Sal av papp og papir	13

1.3 Emballasjeplast

a. Status og historikk	13
b. Sentralsortering	13

1.4. Våtorganisk avfall

Mål og handlingsplan	14
a. Bakgrunnsinformasjon	14
b. Effekt på materialgjenvinninga	14
c. Plastproblematikk i matavfallet	14

1.5. Glas og metall – auke i innsamla mengder

Mål og handlingsplan	15
a. Bakgrunnsinformasjon	15

1.6. Farleg avfall – auke i innsamla mengder

Mål og handlingsplan	15
a. Bakgrunnsinformasjon - Lovkrav	16
b. Innsamling	16

1.7. E.E avfall – auke i innsamla mengder

Mål og handlingsplan	16
a. Bakgrunn - Lovkrav	16
b. Innsamling	16
c. Levering	17

1.8. Hushaldningsavfall – lokalpolitisk bestilte oppgaver

Mål og handlingsplan	17
a. Bakgrunnsinformasjon - Hageavfall	17
b. Årlege ryddeaksjonar	17
c. Sal av rekvisita / utlevering av dunkar	18
d. Nedgravne anlegg	18

1.9. Miljøstasjon

Mål og handlingsplan	18
a. Bakgrunnsinformasjon.	19
b. Nye tiltak	19

2. Slam

Mål og handlingsplan	19
a. Bakgrunnsinformasjon – kvalitetssikring av tankar og abonnementsregister	20

3. Informasjon

Sjå eigen plan, vedlegg 1	20
---------------------------	----

3.1 Drift

Styret sitt ansvar	20
--------------------	----

4. Eigarskap i andre selskap

a. Retura Søre Sunnmøre AS	20
b. Retura Norge AS	21
c. REKOM AS	22

Strategi-/verksemds-plan fram til 2023

Kvifor slik plan?

VØR arbeidar innafor ein kvardag der måla for nasjonal avfallspolitikk framover til 2030 er fastsette av stortinget klimaforliket, nasjonal avfallsstrategi vedteke mars 2018 og regjering via Miljødirektorat og Fylkesmann.

Kommunane vedtek klimaplanar med konkrete tiltak for gjenvinning, dei fastset renovasjonsforskriftene som er det tiltaket som aller mest regulerar VØR sin aktivitet og dei styrer gjennom selskapsavtale og no sist gjennom forvaltningsrevisjon.

Representantskapet sin påverknad er til stades gjennom å etablere tiltak som gjer at nasjonale mål kan nåast, eller overoppfylgjast.

I førre planperiode vart til dømes raud boks for farleg avfall innført for å auke innsamla del med farleg avfall og det vart innført henteordning heime for glas og metall emballasje. Begge tiltaka var eit resultat av lokalt vedtak og ein suksess som gav meir materialgjenvinning og mindre mengder farleg avfall i restavfallet.

Utfordringa framover vert slik vi ser det å fase inn tiltak framover på ein slik måte at nasjonale mål kan nåast, samtidig som effekten på gebyret i form av auke det enkelte år ikkje vert for stor.

I denne situasjonen treng selskapet ei rettesnor å arbeide etter, ein strategi-/verksemds-plan. Den er eit verktøy for styrande organ og leiing og gir rammene for korleis VØR skal drivast og såleis også kva som må prioriterast det enskilde år.

Strategi-/verksemds-plan vert som før rullert med faktadelen ein gang i valperioden, medan handlingsplanen vert tatt fram og rullert årleg i takt med endra rammevilkår. Strategi-/verksemds-plan er såleis lik ein kommuneplan i sin oppbygging.

Oppbygging av strategiplanen.

Denne planen tar for seg hovedutfordringa til VØR ved inngangen til 2020. Korleis oppnå nasjonale mål om materialgjenvinning på minst 55 % innan 2025 og 60 % innan 2030 og 65 % i 2035. Vi må og nemne at det er krav om endra rapportering på trappene. Dvs at det er dei reelle mengdene som vert levert til materialgjenvinning, som skal rapporterast, ikkje bruttotal.

I 2018 er materialgjenvinningsgraden 40,4 % opp 2,4 % frå 2017. Med matavfallsinnsamlinga frå 2019 på plass er prognosen om lag 56 % i 2019 , men tala får vi ikkje før Kostrarapporteringa er klar i februar 2020. Vi har vidare laga ei prognose som ligg ved planen, som syner at ytterligare materialgjenvinning er krevjande å nå. Det er strukturelle grep som gir mest effekt, men der er ikkje så mange store fraksjonar att som kan gi monaleg auke i materialgjenvinninga. Parallelt med struktur må vi ha fokus på dagens innsamla fraksjonar for å sikre kvaliteten.

I dei lokale klimamåla som i 2010 vart vedteke av kommunestyra, hadde t.d. Ørsta eit mål om utsortering av minimum 45 kg våtorganisk avfall pr innbyggjar og minimum 10 kg innsamla plast pr innbyggjar. Plastmålet vart nådd i 2018 og i 2019 er prognosen for innsamla matavfall 72 kg pr innbyggjar. Vi ser det no som utkvittert.

Vi har laga ei overordna målsetting først, deretter er det laga planar for dei enkelte arbeidsområda til VØR, for å kunne oppnå den overordna målsettinga.

Strategiar / planar for administrasjon/ drift er ikkje med i denne planen. Ansvar for dette er delegert til styret i selskapsavtalen og såleis ikkje ein del av overordna plan.

Handsaming av planen.

Representantskapet skal vedta planen som skal vare i fire år i tråd med vedtektene § 7.4, etter tilråding frå styret. Handlingsplanen skal handsamast kvart år.

Handlingsplanar og oppfølging.

Planen skal vere styrande i dagleg drift, og eit dokument det skal rapporterast om til styrande organ.

Dagleg leiar utviklar og iverksett handlingsplanar i VØR sin organisasjon i tråd med overordna strategiplan.

Offentleg

Planen er eit offentleg dokument.

Handlingsplan - Miljømål:

- **Oppnå 60 % materialgjenvinning innan 2025 og 65 % innan 2030.**
- **Redusere mengda transport i høve 2010 i tråd med stortinget sitt klimaforlik**

For å nå hovudmålet må denne planen følgjast:

Henteordningar.

- **Gjennomføre fleire kvalitetskontrollar av avfall i behaldar i 2020**
- **Få bleiene ut av matavfallet innan 2021.**
- **Lage prøveprosjekt vedkomande erstatting av plastpose med papirpose for matavfall i 2021.**
- **Gjennomføre plukkanalyse for å betre faktagrunnlaget før neste rullering av strategiplan i 2023**

Miljøstasjon

- **Innsamling av hardplast for materialgjenvinning på miljøstasjonen i 2021.**
- **Innføre særleg utsortering av kvitt trevirke når omlastingsstasjon for restavfall flyttar til Melsgjerdet i 2021.**

Anna

- **Etablere sorteringsløysingar for dei med fritidshus.**
- **Vurdere felles restavfall ettersorteringsanlegg på Sunnmøre saman med ÅRIM/SSR.**
- **Avklare om biogass anlegg skal byggast saman med Årim, SSR og evt. andre.**

Handlingsplan – nye investeringstiltak:

- **Investeringstiltak i 2020 er knytt til det som er naudsynt for å få starta opp anlegget på Melsgjerdet og sett i drift Løyvet frå Fylkemannen i Møre og Romsdal sist revidert 06.03.2019.**
- **Mindre ombygging av Miljøstasjon i Hovdebygda i 2021 innafor ei ramme på 5,0 mill kr:**
 1. **For å ta imot trevirke separert i rein og forureina fraksjon**
 2. **For å tilrettelegge for redusert internttransport og uttransport**
 3. **Etablering av ny og større oljeavskiljar, fordrøyingsbasseng og trykktank for sprinkling av bygg med avfall, i tråd med krav frå FM og forsikringsselskap.**
- **Det skal etablerast 4 komplette nedgravne anlegg pr. år i heile planperioden, for å nå redusert transportbelastning i tråd med klimaforliket på stortinget.**
- **Mottakspunkta for avfall frå fritidshus skal oppgraderast og utvidast med tilbod om sortering i fleire reine fraksjonar. Plan vert å legge fram for styret og i årlege investeringsplanar.**

1.0 Nasjonale føringar - VØR sitt resultat

Stortinget har vedteke mål for avfallspolitikken her i landet. Den er samansett av ulike tiltak. Men med tre hovudretningar:

1. Auken i mengd avfall skal vere mindre enn den økonomiske veksten.
2. Avfallshierarkiet skal vere styrande for nasjonal avfallspolitikk- Ombruk viktigast. Materialgjenvinning deretter. Så energigjenvinning. Deponi er det lavaste nivået i hierarkiet.
3. Det er eit høgt prioritert mål å samle inn mest mogleg farleg avfall. Farleg avfall må ikkje blandast saman med anna hushaldningsavfall.

Dei tre måla har stor nasjonal politisk oppslutning, sidan avfallshierarkiet har vore uendra i 23 år med skiftande regjeringar.


a. Avfallshierarkiet

Tal for 2018 frå VØR:

Materialgjenvinning 40,4 %

Energigjenvinning 57,2 %

Deponi 2,4 %



Avfallshierarkiet stimulerar oss til å tenke reduksjon av avfall, og å dreie gjenvinninga over til å verte meir høgverdig.

Øvst er ombruk. T.d ved gjenbruk av kle og tekstilar. Deretter kjem materialgjenvinning, t.d ved at metall vert smelta om att til nytt metall. Så kjem energigjenvinning av trevirke eller restavfall ved prodksjon av fjernvarme. Deponering kjem nedst i hierarkiet.

Tala over er resultatet i 2018.

Stortinget sin målsetting er 55 % materialgjenvinning innan 2020. 60 % innan 2030 og 65 % innan 2035. Representanskapet sitt krav er 60 % innan 2020.

Vi gjer så godt vi kan, men utviklinga går seinare enn politiske ynskjer og mål. Grunnane til at vi ikkje har nådd representanskapet sitt mål, er fleire. Det eine er manglande ordningar for sorterte løysingar innanlands. Til dømes kvitt trevirke som kan gå til sponplateproduksjon. Dette har det kome tilbod om no i 2019 i utlandet. Nye ordningar i utlandet går tregt å få på plass, fordi eksportløyver er vanskeleg å få grunna reglande for avfallskryssande transport over landegrensene.

Det andre er at for å få inn nye sorteringsmuligheter på miljøstasjonen, så må det til dels kostbare ombyggingar til. Hallen som var bygd i 2010 er for liten sjølv om den er dobbel så stor som den som var bygt i 1998. Slik går utviklinga.

0 visjonen ligg som framtidsvisjonen. Utrecht i Nederland ilag med fleire andre kommuner der, har innført henteordningar for alle gjenvinningsfraksjonane, medan restavfallet må bringast til returpunkt. Resultatet er opp til 95 % utsortering og restavfallsmengde ned mot 21 kg pr innbyggjar. San Fransisko har tilsvarande målsettingar for sin avfallspolitikk.

Eksempelet syner at høge gjenvinningsmål er råd å få til via strukturelle grep. Men det vil ikkje vere nok. Kvaliteten på det innsamla må og vere korrekt, og der er tilsyn og kontroll verkemiddelet.

b. Klima

Undersøkingar syner at gjenvinninga her i landet idag, reduserar landets Co2 utslepp med 7 %. Meir materialgjenvinning, og dermed reduksjon av restavfallet kan auke denne.

Det som gir størst utslag, er meir materialgjenvinning av metall og plast. Meir papp og papir og ikkje minst bidreg biogass og biogjødselproduksjon av matavfall positivt til klimarekneskapen.

c. Ombruk.



Ørsta/ Volda har i dag to bruktbutikker, og det er eit godt spørsmål om her er marknad til fleire.

Både UFF, Fretex, Filex er etablerte med fleire ulike kleskontainerar. Dette er ombruk, og skal ikkje reknast med i rapporteringa av materielgjenvinning til avfallselskapa.

Det er ikkje ynskjeleg å motta tekstilar i restavfallet. Vi har tidligare sendt ut ei brosjyre til alle husstnar om tilboda til klesmottak firmaene. Målet er å informere om tilboda deira. På den måten tilfredstiller vi nasjonale

myndigheter sine mål om å arbeide for meir ombruk, og så håper vi dette fører til at innslaget av godt brukbare tekstilar i vårt eige restavfall, vert monaleg redusert.

d. Vegval

Materialgjenvinninga kan overordna sett aukast slik:

- Ha innsamlingsordningar og prismekanismer som stimulerar til kjeldesortering.
- Innføre nye tilbod, også kalla strukturelle grep i denne planen.
- Arbeide aktivt med informasjonsarbeid.
- Ein kombinasjon av disse.

Gode tilrettelagde tilbod, målretta informasjon og innskrenka høve til å få henta restavfallet er ei velprøvd oppskrift. Motto: lett vint å sortere og tung vint å levere restavfall. Jfr det Utrecht i Belgia har fått til.

1.1. Restavfall



Målsetning:

Mål: Redusere mengdene med restavfall

Handlingsplan:

- Auke informasjonsinnsatsen for å få den enkelte innbyggjar til å sortere ut meir frå restavfallet
- Gjennomføre kvalitetskontrollar i utvalde behaldarar
- Utføre ei plukkanalyse i andre halvdel av perioden, for å betre faktagrunnlaget.

a. Utvikling siste åra

Vi ser av tala frå tidligare år, at det går rette vegen. Vekt avfall i restavfallsbeholdarane er minkande, og motivasjonsarbeidet for å få fleire til å sortere meir, må fortsette. Eit arbeid for å luke ut verstingar og betre kvaliteten må og gjennomførast.

Vi er likevel no komne til eit punkt der vi treng meir fakta. Seinast før neste planperiode frå 2024-27 må det derfor gjennomførast plukkanalyser av restavfallet, for å få fram kvar innsatsen no skal settast inn.

Eg finn det på sin plass å minne om at det er krevande å auke materialgjenvinninga. For kvar 100 tonn vi tar frå restavfallet og flyttar over til materialgjenvinning, oppnår vi ei forbetring på 1,2 %. Å auke frå 55 til 60 % tyder at materialgjenvinninga må auke med minst 360 tonn. Det skal kraftig lut til for å greie, og tiltak må settast inn overfor alle fraksjonar.

b. Heimekompostering:

VØR ilag med fleire andre selskap har lavare gebyr for dei som vil heimekompostere. Prisreduksjonen i høve standardabb er 20 %. 173. av abonnentane våre gjer seg nytte av ordninga.

c. Sal av restavfall

Sidan 2004 har vi mekka dette i marknaden. Vi er no inne i ei ny kontraktsperiode som går til 30.11. 2020 inklusiv opsjonsperioden. Sak om vilkår vert lagt fram for styret til vinteren.

1.1. 1. Fritidshusrenovasjon

Strategi / målsetning:

Auke kvaliteten og sorteringa av avfall frå fritidshus.



Handlingsplan:

- Utvide og oppgradere mottaka med tilbod om sortering i fleire fraksjonar og adgangskontroll.
- Utføre ei plukkanalyse i andre halvdel av perioden, for å betre faktagrunnlaget over kva som er i containarane.

Disse leverar alt avfall unnateke glas og metallemballasje i same container i dag. Vi bør oppgradere og kanskje samle nokre punkt, samstundes som tilbodet vert betre. Etterspurnaden etter tilbodet er størst knytt til høgtider og i sommarhalvåret. Vi opplever ein god del grovavfall i containerane, og innrettinga må nok endrast slik at innkastlukene er tilpassa storleiken på bærenett med hushaldningsavfall.

1.2. Papp og papir



Målsetning:

Auke kvaliteten og mengdene papp, papir og kartong frå hushaldningane.

Handlingsplan:

- Auke informasjonsinnsatsen for å få den enkelte innbyggjar til å sortere meir:
- Vidareføre høve til frivillig auke av behaldar for papp, papir, og plastavfall heime, utan tillegg i pris.
- Gjennomføre kvalitetskontrollar i utvalde behaldarar
- Utføre ei plukkanalyse i andre halvdel av perioden, for å betre faktagrunnlaget.

a. Bakgrunnsinformasjon

I 2018 samla vi inn ca 979 tonn blanda, papp, papir, hushaldningsplast og drikkekartong. 70 – 80 % av vekta på den felles innsamla papp /papir /hushaldningsplast / drikkekartong fraksjonen er papir. Resten er kartong, papp, hushaldningsplast, drikkekartong og restavfall. Etter at papiret kjem inn må vi sortere papp, papir fraksjonen etter fibertype. Plasten sjølvsagt for seg.

Papiret er ei billig råvare som erstattar jomfrueleg skog ved produksjon av lesbart papir. Returpapir genererar mindre energi og kjemikalebruk ved papirfabrikkane når papir skal produserast, og er såleis meir berekraftig / miljøvennleg enn skogsfiber. Kravet er sjølvsagt at råvara er rein, slik som alle andre avfallsfraksjonar som går til gjenvinning. Derfor må papiret igjennom sorteringsanlegg før den går til papirfabrikk.

Papir i gjenvinnings-samanheng er lesbart papir som aviser, reklame, vekeblad og med berre svært få prosent med kontorpapir og makulatur. Konvoluttar og glansa papir er restavfall på grunn av stort innslag av lim og leire, og er ikkje ønska til attvinning.

Pappen er ei anna fibertype og skal for seg, og blir til ny papp.

Drikkekartongen går for tida til Sødra Cell i Linkoping, for produksjon av konvoluttar, skriveark m.m.

Papp, plast og papirmengdene heime er stabile. Vi trur at noko av nedgangen i avisepapir vert erstatta av emballasjekartong og papp. Det er vanskeleg å dokumentere dette, då vi veit lite om kor stor nedgangen hos abonnentane er i bruk av aviser. Plukkanalyse vil kunne gi oss svaret. Også svaret på kor mykje feilsortering vi har.

b. Storleik på behaldar

I dagens forskrifter er det lagt til grunn eit prinsipp om at den som produserar meir avfall enn normalen, må betale ein symbolsk sum for det. Unntaket er papir, papp, drikkekartong

og plastemballasje som kan gå til materialgjenvinning. Dette for å få mest mogleg ut frå restavfallet.

Det er eigentleg feil, då papir og har negativ verdi sjølv om den er lavare enn hos restavfallet. Meirforbruk av papir tyder meirforbruk av naturressursar / miljøverdiar og det skal det betalast for etter "Forurensar betalar" prinsippet. Det er fullt mogleg å reservere seg mot reklame og slik redusere papirmengdene.

I det store bilete er det likevel rett å ha ein større papirbeholdar enn restavfallsbeholdar. Det gir meir avfall til materialgjenvinning og det løyser utfordringa til mange etter at vi la om til papirhenting kvar fjerde veke. Vi foreslår derfor å vidareføre ordninga. Dvs at plussabonnementa vil gå utan pristillegg.

I dag har ca 1 av 3 abonnentar slikt pluss abonnement. I 2015 var tala 1 av 20.

c. Balling av papir og papp sjølve

Frå 2004-2008 til pressa brann utførte vi sortering og balling i eigen regi.

Utviklinga med heilautomatiserte sorteringsanlegg inklusiv presser, gjer at til denne tid har eg vore reservert til å investere i sorteringsanlegg for papir. I dag ser eg annleis på det. Med investeringar i storleik 3-5 mill kr på eit volum med sams papir på ca 2000 tonn pr år inklusiv VØR og RSS, kan det forsvarast i eit klimaperspektiv. Pressa ballar vil auke vektene på det uttransporterte avfallet frå 1500 kg med plast til 20 tonn. For papiret sin del halvert transport om det skulle gå med bil til Ålesund og Oslo for sortering, og enda meir om det kan gå med sjøkontainer til utlandet i 30 tonn parti.

Eg har likevel ikkje prioritert det i økonomiplan, då her ikkje er økonomisk rom for det no.

d. Sal av papir/ papp

Papiret er selt til Norsk Gjenvinning. Kontrakta går ut i april 2020. All papp, papir og drikkekartong er selt som " sams" fraksjon, mot rapporteringsplikt over kvantum.

Endringar i strategi vert å vurdere før utlysing neste gang.

1.2. Emballasjeplast

Strategi / målsetning:

Auke kvalitet og mengder frå hushaldningane.



Handlingsplan:

- Auke informasjonsinnsatsen for å få den enkelte innbyggjar til å sortere meir
- Vidareføre høve til frivillig auka av behaldar for papp, papir, og plastavfall heime, utan tillegg i pris.
- Gjennomføre kvalitetskontrollar i utvalde behaldarar
- Utføre ei plukkanalyse i andre halvdel av perioden, for å betre faktagrunnlaget.
- Delta i forprosjekt med ÅRIM / SSR om eventuelt sentralsorteringsanlegg.

a. Status og historikk

I 2018 nådde vi 10,1 kg plastemballasje pr innbyggjar. I 2019 syner prognosen same resultat. Det skal vi vere nøgde med, sjølv om det er lægre enn RIR som opererer med 12 kg pr innbyggjar. Av det innsamla går ca 18-20 % til å produsere ny plast, ifølgje IVAR som har

det mest moderne anlegget i Noreg for slik sortering. 80 – 82 % går til energigjenvinning. Ifølgje IVAR er potensialet i hushaldningane 28-30 kg pr innbyggjar. 50% meir enn det Grønt Punkt Norge operer med.

Mange misbrukar disse sekkane til å levere anna avfall i, og der må vi i gang med eit arbeid for å sikre kvaliteten. Siste plukkanalysen utført av Grønt Punkt i 2017 synte 8 % restavfall, og det er uakseptabelt høgt.

b. Sentralsorteringsanlegg

Styra har gjort vedtak om samarbeid med Årim og SSR om evnt sentralsorteringsanlegg. ÅRIM har igangsett eit forprosjekt på dette, for å sjå om der er grunnlag for å etablere eit slikt anlegg. Styret har sagt seg positive til eit slikt utgreiingsarbeid, men det tar tid, og vi for sjå kvar båten tar oss.

1.4. Våtorganisk avfall

Strategi / målsetning:

Auke kvalitet og mengder frå hushaldningane.



Handlingsplan:

- Auke informasjonsinnsatsen for å få den enkelte innbyggjar til å sortere meir og betre
- Gjennomføre kvalitetskontrollar i utvalde behaldarar
- Utføre ei plukkanalyse i andre halvdel av perioden, for å betre faktagrunnlaget.

a. Bakgrunnsinformasjon

Matavfallet som vert kompostert i biogassanlegg produserar energi og jord. Prosessen er godkjent som materialgjenvinning.

b. Effekt på materialgjenvinninga

Av vedlagde oversikt, går det fram at dette tiltaket er det som har gitt oss største effekten i auka materialgjenvinning i VØR sin historie. Og omlegginga har gått tilnærma smertefritt. Noko misnøye er det blant enkelte innbyggjarar som saknar tida då det meste gikk i restavfallet, men på den andre side er det desto fleire som jublar for ordninga.

Vedlagt er ein tabell over miljøeffekta ved utsortering av matavfallet, og resultatet er langt betre enn prognosen. Pr dato ligg vi an til 72 kg pr innbyggjar pr år, og det gir oss 55 % materialgjenvinning om året under eitt blir like bra som dagens prognose skulle tilseie.

c. Plastproblematikk i matavfallet.

Dette er eit tema, og til det er å seie at prøver frå biorest syner resultat godt under krav frå Mattilsynet. Det er likevel ikkje noko ein skal slå seg til ro med som svar. Det må vere eit mål å få ut det som er av plast frå matavfallet, for å unngå oppakkumulering i jord av mikroplast. Vi foreslår derfor å ta vekk høvet til å levere bleier frå vaksne i matavfallet frå 2020, og barnebleier i 2021. Plastposane foreslår vi vert erstatta av papirposar etter kvart, og vil ha ei prøveperiode i 2021 i eit utvalt område. Andre har røynsler med at leverte mengde matavfall går ned når papirposen blir innført. Tilbakemeldingane er ulike om det er

fordi det vert opplevd som mindre uhygienisk eller at ein må planlegge betre. T.d. må kaffifilteret dryppe skikkeleg av før det går i papirposen. Uansett må vi unngå slikt tilbakeslag i sorteringa, og derfor ta ein gradvis overgang.

d. Biogassanlegg.

Representantskapen har vedteke at administrasjonen skal søkje om Løyve om å bygge Biogassanlegg. Der er vi i rute på den måten at Fylkesmannen kravde oppdatert reguleringsplan på Melsgjerdet, for å ville handsama ein slik Løyvesøknad. Reguleringsplanen vert etter alt å døme eigengodkjent i Ørsta Kommunestyre den 5 september. I planen er det lagt til rette for Biogass anlegg. Planen er å vidareføre arbeidet med Løyvesøknad når reguleringsplanen er eigengodkjent. Mykje er alt på plass, men noko arbeid står att.

1.5. Glas og metall- auke i innsamla mengder



Strategi / målsetning:

Auke kvalitet og mengder frå hushaldningane.

Handlingsplan:

- Auke informasjonsinnsatsen for å få den enkelte innbyggjar til å sortere meir og betre
- Gjennomføre kvalitetskontrollar i utvalde behaldarar
- Utføre ei plukkanalyse i andre halvdel av perioden, for å betre faktagrunnlaget

a. Bakgrunnsinformasjon

Vi veit at potensialet vårt er om lag 300 tonn pr år, og der er vi i dag. Det vi dessverre og ser, er mykje feilsortert. Med og utan vilje. Vi har derfor i seinare tid levert ut lås og lokk i lokk behaldarar. Dei er kostbare men gir jamt over betre kvalitet. Vi sorterar manuelt kvart lass som går ut, og tar ut ca. 5-10 % med elektro, restavfall og metallskrap som motor og bildeler. Målet må vere å unngå dette, med betre kontroll ute blant innbyggjarane.

I løpet av hausten 2019 skal alle ha fått glas og metall beholdarar. Grunnen til manglande systematisk utlevering, var at ordninga første tida var frivillig. Der kvalitetskontroll syner uønskt innhald, må i alle fall lokk i lokk nyttast.

1.6. Farleg avfall - auke innsamla mengder



Strategi / målsetning:

Vidareføre og marknadsføre dagens ordning.

Handlingsplan:

- Informere godt for å få fleire til å sortere ut farleg avfall.
- Utvikle ordninga med innsamling av raud boks, for å gjere den enda meir brukarvennleg.

a. Bakgrunnsinformasjon - Lovkrav

Farleg avfallsforskrifta pålegg oss strenge reglar for å få bort mest mogleg farleg avfall frå naturen og levering i feil kanalar slik som i restavfallet. Kostnadsinndekning frå private er lovpålagt via renovasjonsgebyret. Vi har også plikt til å ta imot FA frå private med gebyrfinansiering av inntil 1000 kg pr år, pluss 500 kg Pcb haldige isolerglassvindu. Frå næringslivet er vi også pliktige til å ta imot farleg avfall, men då mot betaling og avgrensa til 1000 kg pr år.

b. Innsamling

Vi innførte "Raudboks" i 2018, med innsamling på bygdene av den to gangar pr år. Første innsamlingsrunden fekk vi mykje «oppryddingsavfall» I den neste runden mest raudboksar som må tømast. I sentrum tilrår vi folk å levere sjølve på Miljøstasjonen, og det fungerer godt. Mengdene småelektriske artiklar og mindre mengder farleg avfall har auka mykje som følgje av tiltaket.

1.7. E.E. avfall – auke i innsamla mengder

Strategi / målsetning:

Stimulere og oppmode abonnentane om å sortere ut EE avfall og levere det særskilt.



Handlingsplan:

- Informere godt for å få fleire til å sortere ut farleg avfall.
- Utvikle ordninga med innsamling av raud boks, for å gjere den enda meir brukarvennleg.

a. Bakgrunn - Lovkrav

EE avfallet inneheld farleg avfall og derfor er vi pliktige i forskrifts form til å ta imot dette vederlagsfritt frå privathushaldningane. Handteringa av dette er gjennomregulert av avtalane med returselkapa , Renas, El.retur, ERP-Norge og Miljøverndepartementet.(MD)

Vårt område har hatt ei innsamlingsgrad over landsgjennomsnittet siste åra. Dette er kanskje på grunn av at vi er for lite flinke til å informere om at den delen av næringslivet som sel elektriske artiklar, har eit sjølvstendige ansvar for å ha innsamlingsordningar. Derfor får vi « for mykje», utan at eg greier å oppfatte det negativt.

b. Innsamling

EE avfallet blir levert her hos oss i Hovdebygda gjennom heile året. I tillegg kan mindre elektriske komponentar leverast i raud boks ved innsamlingsaksjonan våre.

Vi gjennomfører også separat EE innsamling på fleire av bygdene kvar vår.

Mengdene EE avfall er relativt stabile år for år med pluss minus 200 tonn pr år. Det har minka med større EE gjenstandar og auka med mindre typer EE avfall som lyspærer og liknande.

Tidligere var det ei utfordring med at på VØR er det berre å forsyne seg av varer innlevert til gjenvinning. Denne utfordringa er no løyst etter at vi bemanna mottaket i Miljøstasjonen.

c. Levering

Fraksjonen blir henta vederlagsfritt hos oss, og returselskapa held innsamlingsutstyr til oss forutsatt at omløpet på utstyret er minst 6 gangar pr år. Det har ikkje vore noko problem til denne tid. Vi er svært godt nøgde med dagens samarbeidspartner, ERP Norge AS:

1. 8. Hushaldningsavfall – lokalpolitisk bestilte oppgåver

Strategi / målsetning:

Vidareføre dagens servicenivå med fri levering av hageavfall, vårrydding på bygdene, sal av ekstrasekkar og fristar ved utlevering av dunkar til abonentane. Satse på nedgrave anlegg for å redusere transportbelastning.

Handlingsplan:

- Vidareføre dagens ordning med fri levering av hageavfall
- Vidareføre ryddeaksjonane på bygdene.
- Tilbod om sal av ekstra bossekk må vidareførast.
- Utlevering og bytte av dunkar skal utførast med leveringstid ei veke.
- Bygge ut fire nedgravne anlegg pr år.

a. Bakgrunnsinformasjon - Hageavfall

Innbyggjarane våre leverer ca 600 tonn hageavfall pr år. Hageavfallet er gratis å levere for innbyggjarane, og finansiert gjennom renovasjons-gebyret. Etterkalkyle syner ein direktekostnad på ca kr 600,- pr tonn.

Med unntak av i Bergen hos BIR, der det kostar kr 50,-pr tilhengarlass, er det vanlege i renovasjonsbransjen å ha gratis levering av hageavfall for å unngå at parkar og friareal vert dumpingplassar for hageavfall, og spreining av uønska framande arter i naturen. Når det først startar med hageavfall, kjem der også fort restavfall til desse dumpeplassane.

b. Årlege ryddeaksjonar

Vi samlar inn metall, elektro og restavfall separat frå bygdene kvart år i samarbeid med grendalaga. I tillegg til at innbyggjarane vert oppmoda om å levere det farlege avfallet i dei respektive farlege avfall stasjonane.

VØR (monopol) har ansvaret for elektro og farleg avfall. RSS har ansvaret for metall. Restavfallsmengdene dei har fått inn har vore svært små. Metallmengdene har vore bra, men etter at det no er rydda opp mange stadar, vil det minke i tida framover.

RSS har hatt ansvaret for informasjonsarbeidet. Frå 2019 har vi varsla alle abonnentar i dei aktuelle områda via SMS. VØR har fått inn store mengder med elektro og også mykje farleg avfall. Det talar for å vidareføre ordninga.

c. *Sal av rekvisita / utlevering av dunkar*

Vi sel i dag bossekkar for dei som har behov for det. Det må vidareførast for å ta høgde for avfallstoppar som ved høgtider osv.

Ved nye abonnement har vi ei kvalitetsmålsetning om at alle dunkar skal vere utlevert innan ei veke etter bestilling. Dei som treng dunkar raskare, må hente dei sjølv.

d. *Nedgravne anlegg*

Representantskapet har lagt ein plan for å bygge ut med fleire nedgravne anlegg. Dette er følgt opp frå styret ved at ein i 2020 får eigen bil med kran som skal tømme disse anlegga. Vi bør ha 130 brønningar i drift for at tømminga skal vere like kostnadseffektiv som hos småbeholdarane. Vi har generelt lite erfaring så langt, og dei er delte. For glas- og metallemballasje gir dei full uttelling i den forstand at vi tømmer ein gang pr år mot fire hos hushaldningane. Matavfallet må vi tømme annakvar veke så det kan vi ikkje gjere så mykje med. Hos restavfallet og papir etter behov.

Vi har ikkje eksakte tal på det enno, men det kan sjå ut som mengda restavfall er høgere enn hos dei med småbeholdarar. Likeeins kan det sjå ut som om kvaliteten på papiret er jamt dårlegare enn i hushaldningane, og vi tømmer hos enkelte anlegg oftare disse fraksjonane enn kvar fjerde veke.

Vi prøver no å ettermontere adgangskontroll for å luke ut villdumping, så får vi sjå korleis det utviklar seg. Det tredje elementet er vassinntrenging i elementa som skjer, og som ikkje må forekomme. Dette er relativt arbeidssamt å få ut, og her må vi ha hjelp av leverandør for å finne svaret. Kanskje er det noko vi har feilmontert.

Dersom det er anleggstypen som er problemet, er alternativet å gå over til Molok som er billigare i investering, men med den ulempa at ein då må bruke innerposar på godt og vondt. Alt sig i avfallet blir med, men posane er relativt dyre.



1.9. Miljøstasjon

Strategi / målsetning:

Auke materialgjenvinninga av det innleverte avfallet til miljøstasjonen.

Handlingsplan:

- Utvide sorteringsalternativa i miljøstasjonen når innsamlingsapparatet flyttar ut.

- Bygge om miljøstasjonen for å redusere internttransport.

a. Bakgrunnsinformasjon

Miljøstasjonen vert brukt av fleire og fleire av våre abonnentar. Hallen er som tilbod til kundane godt innarbeidd og har også eit godt omdøme blant folk. Brukarundersøking i 2018 synte at 80 % hadde vore innom stasjonen siste to åra. Det er svært høge tal. Det er føresett at kundane skal sjølvsortere i Miljøstasjonen.

Kundane registrerar volum i vekta, køyrer inn i hallen, sorterar avfallet sitt, køyrer via vekta og gjer opp for differansen mellom inn- og utvekt. Nærare 99 % av kundane betalar med kort. Metall, elektro, papp og papir, farleg avfall og hageavfall frå private kostar ikkje noko å levere. Kundane betalar for hushaldningsavfall, grovt restavfall og trevirke. Dette er innarbeidd og folk sorterar godt for å kome så billig frå det som råd.

Utfordringa ligg i å unngå ettersortering. I dag leiger vi RSS til ettersortering av alt trevirke og restavfall. Iflge RSS fungerer dette godt. Problemet er i periodene med "trøkk" at restavfallet inneheld elektro og anna som ikkje skal vere der. Vi prøvde å sette inn ressursar i hallen i disse periodene, men det gav ikkje betre resultat som stod i forhold til kostnaden med tiltaket.

For hageavfallet er kvalitetsresultatet ganske bra, men der forekjem fortsatt plast som må ut.

b. Nye tiltak:

Utsortering av hardplast og kvitt trevirke frå 2021, når innsamlingsapparatet til VØR er flytta til Melsgjerdet. Ny vurdering på større tekstilar vert å gjere i 2021.



2. Slam

Strategi / målsetning:

Gjere ny vurdering på slam i samband med ny kontraksperiode frå 2026.



Handlingsplan:

- Følgje opp dagens kontrakt. Når Hornindal kjem inn i 2020, må den harmoniserast mot Volda og Ørsta sin ved kontraksutgang.

a. *Bakgrunnsinformasjon - kvalitetssikring av tankar og abonnementregister.*

Vi har no kontrakt med Norva 24. Vi er godt n gde med innretninga p  kontrakta og at vi no har f tt bilete-dokumentasjon av tankar med avvik. Ogs  elles g r kontrakten greit.

Ser vi p  utviklinga i talet p  abonnement er det minkande. Kommunene legg stadig nye omr der inn under kloakkordningar, samtidig som talet p  abonnentar p  bygdene er minkande.

Parallelt f r vi fleire og fleire store septiktankar / silanlegg som tilf rer oss meir volum i tonnasje som tidigare.

Det inneber at slammengdene i framtida vil vere stigande.

3. 0. Informasjon

Sj  eigen plan, vedlegg 1.

3. 1. Drift

Etter   9. 7 ledd i vedtektene er det styret som har ansvar for tilfredsstillande organisering av selskapet sin verksemd og oppf lgjing av drifta. Dette ligg s leis til styret og ikkje representantskapen   vedta.

4. EIGARSKAP I ANDRE SELSKAP

Strategi / m lsetning / handlingsplan:

Vidaref re dagens strategi og handlingsplan.

Bakgrunnsinformasjon - Generelt.

V R eig heile RSS og har sm  aksjepostar i fire andre selskap. Heimelen for V R sitt engasjement i andre selskap er vedtektene   4. Engasjementet i RSS og Retura Norge AS er der for   utnytte felles ressursar og s leis halde V R sine samla kostnader nede.

Eigarskapen i Rekom AS er der for   f  kunnskap om avfallsstraumane nedstraums.



a. *Retura S re Sunnm re AS (RSS)*

V R oppretta RSS som heileigd aksjeselskap hausten 2004 p  bakgrunn av endring i forureiningslova som kom det  ret. Bakgrunnen var eit ynskje om   unng  stor kostnadsauke for v re abonnentar ved bortfall av felles utnytting av mannskap, hus og utstyr.

RSS betalte i 2011 V R netto leige p  i ca 3 mill p  bruk av dagens anlegg, maskiner mannskap og utstyr. D  er det trekt fr  dei tenestene RSS fakturerte oss for andre vegen. Dette synleggjer den kapital, utstyr og mannskapsbelastninga som elles hadde blitt velta over p  abonnementa. Totalt ca kr 470,- pr abb inkl mva. Sidan den gang har gevinsten til V R vore p  det niv et. Popul rt sagt ”synergieffekten” av   utnytte felles ressursar.

I tillegg får næringslivet gjennom RSS eit lokaleigd breidde-tilbod på line med byane i fylket. Makulering, isopor innsamling, ”Leig ein renovatør”, innsamling av EE avfall, ryddeaksjonar (restavfall / metall fra bygdene er vi idag åleine om å gi tilbod om i vårt område.

Mange verksemder som har avdelingar over heile landet, opererer med landsdekkjande avfallsavtalar. Etter kvart reknar ein med at 20 % av kontraktene i marknaden er av type landsdekkande avtalar, og då er det gjerne kundar som har høgt volum i tillegg. Avfallshandsaming er kapitalintensivt, og skal du oppnå lave kostnader må du ha volum. Proff organisasjon som dedikar seg til faget og som jobbar systematisk både oppstrøms og nedstrøms.

Ei av utfordringane vi stod overfor i 2004 var å få tilgang på landsdekkande kjeder som fram til 2004 berre kunne taklast av Norsk Gjenvinning AS.

Landsdekkande avtalar fekk vi ved å knyte oss til den då offentlege eigde Retura kjeden. Gjennom sentralavtalar har RSS Mowi, Tine, Circle C, Norgesgruppen og Helse Møre og Romsdal som kundar.

RSS er i dag eit oppegående selskap med ei omsetning på vel 23 mill kr i 2018. Driftsresultat før skatt på industriaktivitet som dette er, bør over tid ligge på mellom 3 og 7 %. Og der er RSS som regel kvart år.

Overskota frå RSS og uteleigedelen i selskapet er fri eigenkapital som m.a. kan brukast til å gå inn og sikre lokale nedstraumløysingar som t.d. i biogassanlegg eller handsamingsanlegg for avfallstrevirke for den del. Kvart år nyttar vi den til grovavfallsinnhentinga på bygdene, som ikkje kan seiast å vere eit reint tilbod til hushaldningane.

Med visning til det ovanforståande, ser eg ingen grunn til å gjere endringar i eigarskapen i RSS idag. Vi har beilarar som er ute på tur til ei kvar tid, men utifrå samfunnsoppdraget vårt om å gi næring og private abonentar i vårt område gode tilbod, ser eg ikkje det som aktuell i dag. RSS serverar næringslivet i området på ein god måte og gir kundane tilbod i form av opningstid og på avfallsprodukt på line med det dei får i større bykonsentrasjonar. Det bør vere viktigare enn ein kortsiktig gevinst som i neste omgang vil ramme abonnentane gjennom høgare renovasjonsgebyr. Vi veit at samferdselsmønsteret er i endring, så vi må nok vere budde på at dette kan endre seg. Ein strategiplan skal ikkje vere hogd i stein.

RETURA[®]

b. Retura Norge AS

VØR eig 30 aksjar i Retura Norge AS. Retura er ei franchisekjede eigd av private og offentlege aktørar i avfallsbransjen. Retura arbeidar oppstrøms mot kundar, med spesielt fokus på landsdekkande avtalar og kjeder. Dei driv også med landsdekkande marknadskampanjer og intern opplæring av seljarar og leiarar i bransjen og er såleis ein viktig arena for dei som arbeidar med avfall på innkjøp og salssida. Største eigar no, Trondheim Renholdsverk AS og BIR Gjenvinning AS. Dagleg leiar i VØR møter normalt på eigarmøta og generalforsamling i Retura. Eigarskapen her er avhengig av om RSS er ein

del av Retura kjeden. Så langt ser eg ingen grunn til å gjere endringar i den.



c. *REKOM*

REKOM, er eit meklarfirma for avfall (spesialisert på nedstraums løysingar) og eigd av kommuner og interkommunale selskap. VØR eig 30 aksjar (0,64%). Rekom vart i si tid stifta for å få til ei returpapirløysing i Skogn og dermed bryte eit privat monopol. For oss innebar det ei halvering av kostnadene med returpapiret. Tilsvarandeskjedde når Rekom "opna" den svenske marknaden for restavfall.

Eigarmøtet er etter mitt syn, den viktigaste arenaen i bransjen når det gjeld nedstraums løysingar. Og der er eg oftast kvart år for å få innsyn og del i den informasjonen som vi treng om nedstraums avfallssal. Eg rår såleis ikkje til å endre vår eigardel i selskapet Dette kjem til nytte når anbod skal førebuast i tillegg til at denne investeringa over tid har gitt grei avkastning. Siste to åra har vore turbulente i REKOM, men nytten av å få kunnskap om nedstraums marknad vurderar eg som større enn verdien på innskoten aksjekapital, så mitt råd er fortsatt å sitte med eigarskapen.